



Pressemelding 9. november 2020

## **Knyter 19 tilfelle til lokalt utbrot**

**– Vi er avhengige av alle sin innsats, om vi skal klare å stoppe viruset, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.**

Alver kommune har fått melding om fem nye koronatilfelle i helga:

- Fredag 6. november – 1 tilfelle
- Laurdag 7. november – 1 tilfelle
- Søndag 8 november – 3 tilfelle

To av disse er truleg ein del av utbrotet som er knytt til fleire skular og barnehagar i kommunen.

– Smittesporing visar sannsynleg samanheng mellom 19 av tilfella som er meldt sidan laurdag 31. oktober. Smitten har gått frå ein smitta og vidare til andre - på det meste gjennom 6 ledd, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.

Ho håpar innføring av nye, strengare tiltak før helga gir viruset færre moglegheiter til å spreie seg mellom folk.

– I tillegg til utbrotet har vi fleire tilfelle med ukjent smitteveg. Det betyr at fleire av oss kan ha koronavirus og smitte andre utan at vi sjølv veit om det, fortel kommuneoverlegen.

Ho oppmodar alle om å følgje dei nasjonale og lokale retningslinjene om å halde seg mest mogleg heime, ha minst mogleg kontakt med andre, halde avstand og bruke munnbind der det er eit krav.

– Vi reknar med at vi berre oppdagar 40 prosent av dei som er smitta. Det betyr at alle bør oppføre seg som om dei har viruset og kan smitte andre. Innsatsen til kvar enkelt av oss er avgjerande om vi skal klare å stoppe viruset, seier kommuneoverlegen.